

**Bjørn Gisle Seter** (instruktør) bur i Sogndal, og han arbeidar som Distriktsmusikar song i Sogn kulturskule. Han er utdanna songar, pedagog og dirigent ved Norges Musikkhøgskole, og han har ein Master i Rytmaskorledelse frå RAMA vocal center ved det Jyske Musikkonservatorium. Han er også utdanna jurist.

Bjørn Gisle er fast dirigent for Songdal songlag og ungdomskoret Røyst. Sjangermessig trives han like godt med både klassisk og rytmisk musikk. Han er mykje brukt kurshaldar for dirigentar og kor, og han har tillitsverv i FONOKO (Foreningen Norske kordirigenter) og Ung i kor. I perioden 2014 til 2022 var han medlem i Musikkfaglig Råd i Norges Korforbund.

Som songar held Bjørn Gisle jamleg konsertar og medverkar som solist ved ulike arrangement. Han har mellom anna hatt oppdrag for NRK, Den Norske Opera, Bergen Nasjonale Opera og Bergen Filharmoniske orkester, Den Nationale Scene, Opera Nordfjord, Sjøforsvarets Musikkorps, og Den kulturelle skulesekken. Tidlegare har han vore medlem i Den Norske Operas kor, Det Norske Solistkor, og Oslo filharmoniens kammerkor.

Han arbeidar også som songpedagog, og fleire av hans elevar har gått vidare med song- og musikkutdanning ved institusjonar som Norges Musikkhøgskole, Musikkonservatoria i Agder, Bergen, Trondheim, og Tromsø, og Operahøgskulen. Dette studieåret er han også praksisrettleiar ved PPU-utdanninga ved Høgskolen i Vestland.